



2017

ÅRSPLAN – KONTROLLUTVALET I HJELMELAND



Foto: Wenck

Vedtatt av kommunestyret i Hjelmeland den

Rogaland Kontrollutvalgssekretariat

01.11.2016

Innleiing

Det er kommunestyret som har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kontrollutvalet arbeider på vegne av kommunestyret, og skal føra tilsyn med den kommunale forvaltninga på deira vegne. Kontrollutvalet er eit lovpålagd organ, og er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret. Kontrollutvalet rapporterer og innstiller derfor også direkte til kommunestyret.

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp eit kvart forhold med kommunens verksemd så lenge dette kan definerast som kontroll eller tilsyn. Det gjeld og saker som er omfatta av teieplikt (KL § 77.7). Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (rådmannen) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor. Når det gjeld tilsyn med det politiske nivået, har kontrollutvalet møterett i alle politiske møter som ligg under kontrollutvalet sitt tilsyn, òg om møtet er lukka ¹. Det er likevel to viktige avgrensingar:

- 1. Kontrollutvalet kan ikkje overprøva politiske prioriteringar**
- 2. Kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret**

Kontrollutvalets mål er å vera ein aktiv og truverdig samarbeidspartnar, som vil vera med på å bidra til ein god forvaltningspraksis i Hjelmeland kommune.

Saksbehandling i kontrollutvalet

Kontrollutvalet held sine møter for opne dører. Innkallingar og protokollar vert lagt ut på kommunen sine heimesider, så sant sakene ikkje er unntatt offentlegheit. Innkalling og protokoll blir og sendt til ordførar og rådmann. Kontrollutvalet vedtar sin møteplan for komande år kvar haust, sjå kommunens nettsider.

For å sikra at kontrollutvalet er uavhengige av dei som skal kontrollerast, skal utvalet ha sin eigen administrasjon. Dette vert ivareteke av det interkommunale samarbeidet Rogaland Kontrollutvalgssekretariat. Dagsorden og innkalling vert førebudd i samarbeid mellom utvalets leiar og sekretariatet.

Hjelmeland kommune kjøper lovpålagte revisjonstenester frå det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS.

Kontrollutvalets oppgåver

Kontrollutvalet har ikkje høve til å fatta vedtak som endrar eit enkeltvedtak, sjølv om utvalet skulle finna at saka ikkje er korrekt behandla. Kontrollutvalet si oppgåve er å undersøka nærare opplysningar som kan indikera svikt i det kommunale systemet, eller at kommunen ikkje følgjer dei lover, retningslinjer og fatta vedtak den er underlagt. Kontrollutvalet skal ha fokus på *systemkontroll*.²

Oppgåver knytt til rekneskap, budsjett og internkontroll

Kontrollutvalet sitt overordna mål er å sjå til at kommunen sitt rekneskap blir revidert på ein trygg måte. Dette gjer kontrollutvalet ved å følgja med i revisors arbeid. Revisor rapporterer fast to gonger i året til utvalet, det er ved presentasjon av revisor si planlegging for komande revisjons-år og ved oppsummering av arbeidet i årsoppgjernetotatet. I tillegg kan kontrollutvalet be om øvrige orienteringar frå revisor om det er ønskjeleg.

Kontrollutvalet skal og uttala seg til kommunestyret om årsrekneskapen. Formannskapet skal kjenna til denne uttalen før dei gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. I tillegg vil kontrollutvalet m.a.:

- Følgja opp revisors merknader til rekneskap og internkontroll
- Følgja med på økonomistyring og budsjett disiplin i kommunen ved å bli orientert om tertialrapporteringa/annan økonomirapportering
- Få orientering om kommunens skatterekneskap, skatteoppkrevjars melding og kontrollrapport frå Skatteetatens kontrollavdeling.

¹ Jfr. <https://lovdata.no/forskrift/2004-06-15-905/§4>

² Jfr. Kontrollutvalgsboka

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført lovpålagt årleg forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet vil gjennomføra forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2017 i tråd med dei prioriteringane som er gjort i kontrollutvalets gjeldande plan. For 2017 har kontrollutvalet valt å gjennomføra forvaltningsrevisjonsprosjektet

- **Innkjøp.** Prosjektet skal m.a. sjå om kommunen overheld Lov om offentlige anskaffelser og sjå nærare på bruk av rammeavtalar

Kontrollutvalet skal i tillegg sjå til at kommunestyrets vedtak knytt til rapportar vert følgt opp av kommuneadministrasjonen. Kontrollutvalet har for 2016 valt å gjennomføra obligatorisk selskapskontroll, og har derfor av økonomiske grunnar ikkje bestilt forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2016. Sjå elles nedafor under *Selskapskontroll*.

Rapportering til kommunestyret skjer ved at rapport om forvaltningsrevisjon blir sendt kommunestyret for sluttbehandling. Det same gjeld sak om oppfølging av tidlegare behandla rapport dersom slik oppfølging er vedtatt av kommunestyret. Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i desse sakene. Alle bestillingar/aktivitet i høve til siste vedtekte plan må sjås opp mot vedtatt budsjett for 2017.

Selskapskontroll

Selskapskontroll består av ein lovpålagd del og ein frivillig del. Den lovpålagde delen er ein eigarskapskontroll, der man undersøker korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap i dei selskapa man har valt å delta i. Dette er såleis ingen kontroll av selskapet, men av eigarskapet. Kontrollutvalet hadde bestilt

- **Eigarskapskontroll av Hjelmeland kommune**

for levering i 2016. Denne rapporten vil bli følgt opp i løpet av 2017.

Kontrollutvalet vil og:

- Følgja med i rådmannen sitt arbeid med utarbeiding og behandling av eigarstrategi.
- Bestilla/vurdera bestilling av nye selskapskontrollar i lag med andre eigarar dersom det vert aktuelt.

Rapportering til kommunestyret på området skjer ved at rapport frå selskapskontroll vert sendt til kommunestyret for sluttbehandling. Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret i desse sakene.

Budsjett for kontroll og tilsyn

Kontrollutvalet er og pålagt³:å

- Utarbeida forslag til budsjett for kontroll og tilsyn for komande år.
- Følgja opp budsjett for inneverande år.

Forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet skal utarbeidast av kontrollutvalet sjølv, og det er bare kontrollutvalet som kan gjera endringar i utvalet sitt forslag forut for den politiske behandlinga.

Kontrollutvalet opptrer på vegne av kommunestyret og er direkte underordna kommunestyret. Det er derfor viktig at kommunestyret er kjent med kontrollutvalet si vurdering av det økonomiske behovet innafor kontroll- og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet sitt budsjettforslag skal derfor følgja med til kommunestyret ved behandling av årsbudsjettet.

³ Forskrift om kontrollutvalg § 18

Andre oppgaver som kontrollutvalet har planlagt i 2017

- Ny og utvida gjennomgang av kontrollutalets ansvar og oppgaver
- Orientering frå administrative leiarar om deira ansvar og arbeidsoppgaver

Kontrollutvalet ønskjer eit tett samarbeid med det politiske miljøet for innspel og merksemd omkring kontrollutvalets oppgaver og funksjon.

På alle møta i kontrollutvalet vert følgjande faste saker/punkt sett opp:

- Godkjenning av innkalling og sakslise
- Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Statusoversikt over bestilte prosjekt og kontrollar
- Meldingar/referatsaker
- Eventuelt

Hjelmeland, den 11. november 2016

Ola Ingvaldstad
Leiar av kontrollutvalet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

KONTROLLUTVALET I HJELMELAND - ARSHJUL 2016

Årshjulet består av kjende saker. I tillegg til desse kan det koma andre saker som dukkar opp i løpet av året. Kontrollutvalet skal også behandla sak ang. tidlegare bestilt rapport vedr. *Eigarskaps-kontroll av kommunen*, i løpet av året.

Vær merksam på at saker som er nemnt under «øvrige saker/kommentarar» ikkje er faste, og kan blir forskjøvne. ***Oppstillinga av desse er derfor kun rettleiande.***

Møtetidspunkt	Faste saker	Øvrige saker/kommentarar
mars	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Opplæring ▼ Framlegging av overordna analyse ▼ Arbeide med nye planar ▼ Kontrollutvalets årsmelding 2015 	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Evt. orientering frå administrasjonen ▼ Oversikt over lovpålagde oppgåver
april	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Opplæring ▼ Arbeide med nye planar ▼ Uttale til kommunens rekneskap og årsmelding ▼ Årsrapport frå skatteoppkrevjar 	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Rådmann/økonomisjef orienterer om rekneskap/årsmelding 2015 ▼ Skatteoppkrevjar orienterer om skatterekneskapet for 2015
juni	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Opplæring ▼ Arbeide med nye planar 	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Rådmann/økonomisjef orienterer om rekneskap 1. tertial ▼ Regnskap 1. tertial – kontrollutvalets rekneskap
september	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Opplæring ▼ Arbeide med nye planar ▼ Budsjett for kontroll og tilsyn 2017 	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Revisor orienterer om planlegging av rekneskapsrevisjonen for 2017 ▼ Møteplan for 2017 ▼ Utveljing av prosjekt for bestilling av rapport som skal leggest fram i 2017
november	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Opplæring, ny gjennomgang av kontrollutvalets ansvar og oppgåver ▼ Årsplan for komande år ▼ Siste frist for å vedta nye planar (forvaltningsrevisjon og selskapskontroll) 	<ul style="list-style-type: none"> ▼ Rådmann/økonomisjef orienterer om budsjett 17/regnskap 2. tertial 16 ▼ Kontrollutvalet planlegger aktiviteter for komande år og lager ny årsplan ▼ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt for levering i 2017